

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 31.05.2007
Sakhandsamar: Kristine Enger
Saka gjeld: **Behandlingstilbodet til pasientar i legemiddelassistert rehabilitering i Rogaland**

Arkivsak

2005/164/335

Styresak 064/07 B**Styremøte 27.06. 2007****Bakgrunn**

Til styremøte 14. februar 2007 blei det lagt fram eit notat om legemiddelassistert rehabilitering ved LAR-Rogaland under administrerande direktør si orientering. Notatet hadde si bakgrunn mellom anna i omtale og kritikk som vart retta mot Frelsesarmeens og LAR-Rogaland i media. Styret bad i den samanheng om å få lagt fram ei ny sak som skulle belyse følgjande:

- Organisering av tilbodet - kan/bør LAR-behandling leggjast til sjukehusa?
- Integrasjon mellom fagfelta - samarbeid psykiatri/rus/somatikk
- Læring og meistring og brukarmedverknad for rusmiddelavhengige
- Vurdere erfaringane frå Helse Midt med eige HF for rusomsorg

Det blir i denne saka lagt mest vekt på framtidig organisering av legemiddelassisterte rehabilitering (LAR) i Rogaland. Det blir skissert alternative løysingar for å laga eit betre og meir heilskapleg tilbod til pasientar i LAR.

Kommentarar**1. Viktige problemstillingar**

Helsetilsynet i Rogaland gjennomførte den 9. mars 2007 tilsyn med LAR-Rogaland. Dei fant ingen avvik, men gav ei merknad med omsyn til legeressursar (sårbart med berre ein lege). I tillegg påpeika Helsetilsynet at pasientar som blei tilvist direkte til LAR-Rogaland ikkje blei sikra ei heilskapleg vurdering i samsvar med føresegna i pasientrettighetslova. Helse Vest har ikkje peika ut Frelsesarmeens som vurderingseining. LAR-Rogaland sender difor pasientar som ikkje får tilbod om LAR vidare for vurdering for anna spesialisert rusbehandling ved ei vurderingseining ved Rogaland A-senter eller Helse Stavanger. Pasientar som får LAR, blir berre vurderte i forhold til LAR.

I tillegg har det i samtaler med Frelsesarmeens og LAR-Rogaland kome fram at pasientar i LAR kunne fått eit betre tilbod om det hadde vore kortare ventetid til avrusing ved Rogaland A-senter. Mange pasientar treng, i samband med oppstart av LAR, nokre veker innlegging ved ei avrusingseining. Ventetida for avrusing var ni veker ved utgangen av april.

Rusmiddelavhengige har ein høgare risiko for alvorlege somatiske sjukdomar/skader enn andre. I tillegg har mange psykiske tilleggsrådingar. Det er difor trond for eit tettare samarbeid mellom rus, psykiatri og somatikk om pasientar med rusproblem generelt og pasientar i LAR spesielt.

Oppsummert er det mellom anna følgjande utfordringar ved dagens tilbod:

- med berre ein lege er tenesta sårbar og legeressursen bør styrkast
- det må sikrast ei breidare vurdering av pasientane som blir tilvist til LAR-behandling
- det er ønskeleg med eit tettara samarbeid mellom LAR-tilboden og tenestene innan psykisk helsevern og somatikk
- større kapasitet på avrusningstilboden vil også betre tilboden for LAR-pasientane

2. Aktuelle tiltak

Den legemiddelassisterte rehabiliteringa i Rogaland blir i dag ivaretakne gjennom avtale med Frelsesarmeene. Frelsesarmeene og LAR-Rogaland gir eit tilbod til personar i Helse Stavanger sitt opptaksområde og den delen av Helse Fonna sitt område som ligg i Rogaland. LAR-Rogaland har eit kontor på Karmøy som gir tilbod i Nord-Rogaland.

Det er behov for å styrke dagens tilbod, også fordi talet på rusmiddelavhengige som kan nyta seg av LAR aukar.

Det kan gjerast gjennom ei forlenging av avtalen med Frelsesarmeene og ei styrking av tilboden her, alternativt gjennom avtale med andre private leverandørar.

For å få eit tilbod som er godt integrert med andre tenester innan psykisk helsevern og somatikk vil helseføretaka også vere aktuelle tenesteytarar.

Saka har vore drøfta i fleire møter med Frelsesarmeene og LAR-Rogaland. Aktuelle løysingar er og drøfta med Frelsesarmeene og LAR-Rogaland, Helse Stavanger HF og Helse Fonna HF.

Styrking av LAR-Rogaland

Styrking av LAR-Rogaland kan i første omgang skje ved at Helse Vest RHF set av noko meir ressursar til å auke legeressursen.

LAR-Rogaland kan også ges status som vurderingseining for å sikra ei heilskafeleg vurdering av retten til helsehjelp, ikkje berre i høve til legemiddelassistert rehabilitering men og til andre tilbod.

Dette vil også krevje meir ressursar.

Samla vil det dreia seg om ressursar i størrelsesorden 1-1,5 mill. kr.

Det må vidare leggast opp til eit tett samarbeid mellom Frelsesarmeene og helseføretaka.

Kapasiteten på avrusningstilboden er eit generelt problem, men er også viktig for LAR-tilboden.

Som ledd i ei styrking av tilboden ved Frelsesarmeene kan Frelsesarmeene også etablere eit avrusningstilbod i eigne lokale. Det kan etablerast ein ny døgneining med ti plassar for avrusning, optrapping og stabilisering av pasientar i LAR. Eininga vil og kunne ta imot andre pasientar som har behov for avrusning. Eininga vil kunne samarbeide tett med medisinsk avdeling ved Universitetssjukehuset i Stavanger. Ved avrusningseininga vil det bli tilsett lege som kan avlaste den eine legen som er ved LAR-Rogaland i dag.

Frelsesarmeene har berekna ein kostnad på 10,2 mill. kr for ei slik eining.

Styrking av tilbodet i helseføretaka

For å sikra ei heilsakeleg vurdering kan også dei som ønskjer eit LAR-tilbod bli tilvist til ein vurderingseining i helseføretaka. Tilsette i LAR-Rogaland kan bidra med sin spesialkompetanse inn i ei slik eining i helseføretaka etter nærmere avtale.

Det har vore dialog med Helse Stavanger og Helse Fonna om dette og desse helseføretaka kan ta på seg den ekstra vurderingsoppgåva innan 01.01.08 om dei vert styrka med ei ekstra stilling kvar. Det vil gje pasientane ei tverrfagleg spesialisert utredning og diagnostisering ved helseføretaka. Pasientane vil bli vurdert i høve til sine rettar og behov og deretter eventuelt et tilbod om LAR-behandling. Berekna samla kostnad er 1,4 mill. kr.

Det kan også vere aktuelt at helseføretaka tek over heile tilboden som gjeld spesialisthelsetenesta sitt ansvar for legemiddelassistert rehabilitering (LAR-senter funksjonen). LAR-tilboden blir då organisatorisk og fagleg sterke integrert både med anna tverrfagleg spesialisert rusbehandling i helseføretaka og anna spesialisthelseteneste. Dette vi i denne omgang gjelde for Helse Fonna og Helse Stavanger sine opptaksområde. Ei slik utforming av tenestetilboden vil også få verknad for LAR-senteret ved Stiftelsen Bergensklinikken, som i dag dekkjer deler av Helse Fonna sitt opptaksområde.

Alternativet vil vere i tråd med føringane i den regionale planen for tverrfagleg spesialisert rusbehandling om basistenester i alle helseføretaksområda.

Forslaget er drøfta med helseføretaka. Begge helseføretaka har gitt uttrykk for ønskje om å overta LAR-tilboden for sine opptaksområde og integrere dette i sitt behandlingstilbod. Helseføretaka vil likevel ha trong for å utgreie dette nærmere og ser det såleis som mest realistisk at ei eventuell overføring skjer frå 01.01.09.

I dialogen med helseføretaka er det frå Helse Vest RHF si side påpeika at ansvaret må takast over innan den ressursramme som Helse Vest RHF nyter til tilboden på tidspunktet for ei eventuell overtaking.

Helse Fonna har ikkje eit eige avrusingstilbod i dag i sitt opptaksområde og har gitt uttrykk for at dei raskt kan opprette 2-3 plassar for avrusing ved psykiatrisk klinikk, akuttavdelinga.

Berekna kostnad for 2-3 plassar for avrusing ved psykiatrisk klinikk, Helse Fonna er 3,7 mill. kr.

3. Læring og meistring og brukarmedverknad

I bestillingar frå Helse Vest for 2007 har alle dei private leverandørane blitt råda til å opprette eit brukarråd på minimum tre personar. I tillegg har helseføretaka i styringsdokument for 2007 fått i oppgåve å utvikle eit tilbod til rusmiddelavhengige og deira pårørande innan ramma av lærings- og meistringssentra si tenking og konsept.

Helseføretaka vil rapportere tilbake til Helse Vest i årleg melding for 2007. Dei private leverandørane vil bli bedt om ei tilbakemelding i samband med bestillinga for 2008.

4. Erfaringa med eige helseføretak for rusomsorg i Helse Midt-Norge

Helse Midt-Norge har gjennomført ei evaluering av Rusbehandling Midt-Norge. Ein rapport er utarbeida av International Resarch Institute of Stavanger (IRIS). Til styremøte i Helse Midt-Norge RHF den 29. mai 2007 blei det lagt fram ei sak om evalueringa.

Evalueringa viser at organiseringa av Rusbehandling Midt-Norge HF var riktig i forhold til dei utfordringane Helse Midt-Norge stod overfor ved inngangen til rusreforma. Høringsinstansane er samla sett positive til dei resultata rushelseføretaket har oppnådd. Dei kritiske tilbakemeldingane er i hovudsak knytt til det praktiske og ansvarsmessige samhandlingsområdet mellom psykisk helsevern og rus. Styresaka frå Helse Midt-Norge ligg vedlagt.

Det var bare Helse Midt-Norge som valte ei slik organisering. Dei andre regionale helseføretaka vurderte det slik at opprettning av eit eige rusføretak ville vere i motstrid til sentrale føringar om integrering av tilboden til rusmisbrukarar med dei andre spesialisthelsetenestene. I Helseregion Vest var dessutan situasjonen slik at hovuddelen av tiltak var private. Det har såleis ikkje vore noko aktuelt alternativ for Helse Vest.

5. Vurdering

Begge alternativa, styrking av Frelsesarmeens eller større ansvar for helseføretaka, vil rette opp dei svakheitane som Helsetilsynet i Rogaland har påpeika etter sitt tilsyn med LAR-Rogaland.

Fordelen med å styrke Frelsesarmeens, er at dei gjennom mange år har bygd opp ei spisskompetanse om pasientar i LAR. Frelsesarmeens har også den nødvendige fagkompetansen til å gjera tverrfaglege vurderingar (lege, psykolog, sosionom etc.) som skal til for å bli peika ut som vurderingseining.

Ei eventuell etablering av ei avrusningseining ved Frelsesarmeens vil raskt kunne betre avrusningskapasiteten betydeleg og gje et meir heilskapleg og fleksibelt tilbod til pasientane. Eit argument mot å etablere ei ny avrusningseining ved Frelsesarmeens, er at ein då byggjar opp to faglege avrusningsmiljø i Stavanger og såleis spreiar denne kunniskapen.

Sjølv om helseføretaka i dag ikkje har erfaring med legemiddelassistert rehabilitering er det fleire høve som taler for at det også kan vere ei god løysing. Det vil gi ei tettare integrasjon mot dei andre spesialisthelsetenestene og anna tverrfagleg spesialisert rusbehandling i føretaka. Det er også grunn til å anta at ei slik løysing vil vera mindre sårbar når det gjeld personell og helsefagleg kompetanse.

Ei slik løysing bør nærmare utgreiast slik at ei overføring eventuelt kan finne stad frå 01.01.09.

Sosial- og helsedirektoratet utarbeider nye retningslinjer for LAR. Dei skulle ha trått i kraft frå 01.01.08, men er no forsinka og vil truleg først kome eit stykkje ut i 2008. Det vil vere viktig også å ta høgde for dei nye retningslinjene i ei slik utgreiing.

På denne bakgrunn bør avtalene om LAR med Frelsesarmeens og Stiftelsen Bergensklinikken forlengast fram til 31.12.08, og Frelsesarmeens styrkast med legeressurs.

Når det gjeld tilvisningar til LAR blir det anbefalt at desse går til ei vurderingseining i Helse Stavanger og Helse Fonna frå 01.01.08. Fram til dette tidspunkt blir Frelsesarmeens gitt status som vurderingseining og styrka ressursmessig for denne oppgåva.

Å opprette eit avrusningstilbod i Helse Fonna med 2-3 plassar vil hjelpe noko, men ikkje vere tilstrekkeleg for å løyse avrusningsproblema. Ei vidare utgreiing av ulike løysingar for å betre avrusningstilboden i Rogaland er nødvendig.

Det blir tilrådd at Frelsesarmeens blir styrka med inntil 1,5 mill. kr som pr år til vurderingsarbeidet og auking av legeressursen. Beløpet blir dekka av Helse Vest RHF sin del av ekstra midlar til rusbehandling i samband med St.prp.nr.44 , samla ca 8 mill. kr, jf sak om revidert budsjett 2007 sak 61/07.

Ei styrking av Helse Stavanger og Helse Fonna med ei ekstra stilling kvar i samband med overtaking av vurderingsansvaret frå 01.01.08 må drøftast i budsjettarbeidet for 2008.

Forslag til vedtak

1. Det foretas ei nærmere utgreiing i samarbeid med Helse Stavanger og Helse Fonna om spesialisthelsetenesta sine oppgåver knytt til legemiddelassistert rehabilitering bør overtakast av føretaka. Ei overføring bør eventuelt skje frå 01.01.09.
2. Avtalene med Frelsesarmeen og Stiftelsen Bergensklinikken om LAR vert forlenga til 31.12.08. Frelsesarmeen vert styrka med legeressurs for same tidsrom.
3. Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF tek imot tilvisingar til LAR frå 01.01.08. Dei tilsette i LAR-Rogaland bes om å bidra med sin spesialkompetanse inn i ei slik eining i helseføretaka etter nærmere avtale.
4. Frelsesarmeen vert peika ut som vurderingseining fram til helseføretaka tek imot tilvisingar til LAR. Frelsesarmeen vert samstundes styrka med ressurs for vurderingsarbeid i same tidsrom.
5. Berekna årleg utgift til ekstra legeressurs og styrking av vurderingsarbeidet ved Frelsesarmeen på inntil 1,5 mill. kr blir dekka av Helse Vest sin del av ekstra midlar til rusbehandling i samband med St.prp.nr 44 (2006-2007).

Vedlegg: Sak 55/07 Evaluering av Rusbehandling Midt-Norge HF